



Try to stop me.....

**Kundefesten til SPAR i ettermiddag fekk etterkvart ein sound of Nashville! Den som hadde æra for det var ein**

framifrå artist som heiter Renate Haugs Madsgård, er 31 og bur på Valen. Ein har ikkje problem med å forstå at ho vann NM i country for soloartistar allereie i 2006, for talentet er stort. Ho har ei mektig røyst, så mektig at dei største countryentusiastane vart nærmast trollbundne i teltet på Sanden. Og det var ikkje berre av ei lang rekkje av kjende sviskar men også av Renates eigne produkt. Dei står seg godt i samanlikninga.



Remi Sjo (trommer) og Geir Jakobsen (bass) spela med Renate

Det er tydeleg at artisten er inne i ein god periode og det er verkeleg grunn til å sjå fram til plata som skal vera like rundt hjørnet og som kanskje vert supplert med eitpar singlar.

Det mangla ikkje på positive kommentarar i teltet under og etter dei 2 konsertane og mange bar preg av overrasking fordi dei hadde lite kunnskap om artisten.

- Bur ho verkeleg på Valen og så har vi ikkje høyrte om henne, sa ein som slett ikkje er berrføtt på området.

På den andre sida fekk Renate ein respons i Uskedalen som

gjør at ho gjerne kjem attende om ikkje så lenge.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Renate inspirerte unge og eldre. Her tek Willy og Hjørdis ein svingom - dei er 83 og 82!